

# SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Marie Fauskrud	Arkiv:	
Arkivsaksnr:	25/1020 25/1020-1		

## **Varsel om planoppstart og høyring av planprogram - Kommunedelplan vatn og avløp 2026-2036**

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Plan- og miljøutvalet	24.06.2025	042/25

### **Kommunedirektøren si innstilling:**

Plan- og miljøutvalet i Sula kommune vedtek at forslag til planprogram for Kommunedelplan vatn og avløp 2026–2036 blir lagt ut til høyring/offentleg ettersyn. Høyringsperioden er seks veker frå vedtaksdato. Vedtaket blir fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-9.

### **24.06.2025 Plan- og miljøutvalet**

Kommunedirektør v/ ingeniør Fauskrud orienterte.  
Det var ei runde med spørsmål og svar. Saka vart drøfta.

#### Øystein Båtnes (FrP):

Som kommunedirektør si innstilling, men der høyringsperioden blir åtte veker frå vedtaksdato.

#### Jan Magnar Sandvik (SUL):

Ber om at den gamle planen vert lagt inn i saka til orientering.

Kommunedirektør sa at vi over ferien kan kome med ei orientering om status for arbeidet med nytt felles reinseanlegg og andre liknande saker. Bl.a. avløpskapasitetet for Djupvika og Sunde.

Kommunedirektør si innstilling med endringsforslag frå Øystein Båtnes vart vedtatt med 6 mot 1 stemme (H).

- PM042/25 **Vedtak:**

### **Kommunedirektøren si innstilling:**

Plan- og miljøutvalet i Sula kommune vedtek at forslag til planprogram for Kommunedelplan vatn og avløp 2026–2036 blir lagt ut til høyring/offentleg ettersyn. Høyringsperioden er åtte veker frå vedtaksdato. Vedtaket blir fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-9.

### **Kortversjon av saka:**

Sula kommunestyre vedtok i K-sak 107/24 "budsjett og økonomiplan 2025 – 2028", der det står at kommunedelplan for vatn og avløp skal utarbeidast i 2025-2026. Utarbeiding av ny plan er naudsynt både på grunn av vilkår i utsleppsløyve for Kongshaugen reinseanlegg og som grunnlag for prioritering og gjennomføring av tiltak på ein viktig del av den tekniske infrastrukturen i Sula kommune.

Forslag til planprogram er utarbeidd og vedlagt denne saka. Planprogrammet handlar om korleis arbeidet med kommunedelplanen for vatn og avløp er tenkt gjennomført. Planprogrammet skal skildre planens formål, hovudinhald og perioden planen gjeld.

Planprosessen i utarbeiding av kommunedelplan er forankra i plan- og bygningslova. Vedtak om planoppstart og høyring av planprogram er første milepæl i planprosessen.

Kommunedirektøren tilrår at planprogrammet blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn med ei høyringsperiode på 6 veker frå vedtaksdato.

### **Saksopplysningar:**

Sula kommunestyre vedtok i K-sak 107/24 "budsjett og økonomiplan 2025 – 2028", der det står at kommunedelplanen for vatn og avløp skal utarbeidast i 2025-2026. Kommunedelplan for vatn og avløp skal med utgangspunkt i kommuneplanen gå grundigare inn i temaet, fastlegge overordna strategiar og slik gje godt grunnlag for ein handlingsdel med tiltak.

Utarbeiding av ny plan er naudsynt både på grunn av vilkår i utsleppsløyve for Kongshaugen reinseanlegg og som grunnlag for prioritering og gjennomføring av tiltak på ein viktig del av den tekniske infrastrukturen i Sula kommune. Tilstrekkeleg kapasitet innan vatn og avløp er avgjerande for utvikling med tanke på framtidsretta bustadar og næringsutvikling. Kommunedelplan for vatn og avløp vil slik være nært knytt til mål i samfunnsplanen og realisering av strategiar for tenesteyting i Sula kommune. Når planen er vedteken med ein tiltaksplan vil dette være grunnlaget for å sette opp dei årlege rammene for investeringar innan vatn og avløp (årlege rammeløyvingar).

Forslag til planprogram er utarbeidd og vedlagt denne saka. Planprogrammet handlar om korleis arbeidet med kommunedelplanen for vatn og avløp er tenkt gjennomført, planprogrammet vert ofte kalla «ein plan for planen». Planprogrammet skal skildre planens formål, hovudinnhald og perioden planen gjeld.

Planprosessen i utarbeiding /revidering av kommunedelplan er forankra i plan- og bygningslova. Vedtak om planoppstart og høyring av planprogram er første milepæl i planprosessen. Planprogrammet legg føringane for arbeidet med kommunedelplanen, jf. plan- og bygningsloven § 4-1 og 11-13. Forslag til planprogram skal ut på høyring og til offentleg ettersyn samtidig med varsel om oppstart og kunngjering av planarbeidet vert gjort. Kunngjering vert gjort i lokalavisa Sulaposten og på heimesida til Sula kommune. Relevante instansar som bl.a. fylke og Statsforvaltar vil få tilsendt planprogrammet.

Planprogrammet skisserer gjennomføringa av planarbeidet. Formålet med planprogrammet er å informere om planarbeidet og få inn ev. synspunkt i ei tidleg fase. Det er lagt ved forslag til framdriftsplan i planprogrammet. I tillegg skal planprogrammet sikre medverknad i utarbeidingsa, avdekke eventuelle behov for utgreiingar, og ikkje minst bidra til at planlegginga blir enklare å følge. Forslag til planprogram skal sendast på høyring, og høyringsfristen er minimum 6 veker. Alle som ønsker kan kome med innspel til planprogrammet. Når planprogrammet er vedtatt og kommunedelplanen er utarbeida, skal kommunedelplanen sendast på høyring med høyringsfrist på minimum 6 veker.

Planområdet omfattar hele Sula kommune, og planen vil erstatte kommunedelplan for avløp 2011-2021.

## **Økonomiske konsekvensar for Sula kommune**

Kommunedelplan for vatn og avløp vil ha en handlingsdel som vil være grunnlag for å sette opp dei årlege rammeløyvingane og for strategisk investering. Arbeidet med kommunedelplan vil dekkes av det ordinære budsjettet for vatn og avløp.

## **Vurderingar og konklusjon:**

Utarbeiding av kommunedelplan for vatn og avløp vil byggje vidare på tema frå kommuneplanen for avløp 2012-2021 og også omhandle vatn. Kommunedelplanen vil bli oppdatert og tilpassa endringar i fagområdet sine rammevilkår. Foreslått framdriftsplan i forslag til planprogram skisserer at planen er fullført innan utgangen av 2025.

## **Konklusjon**

Utarbeiding av kommunedelplan for vatn og avløp er naudsynt både på grunn av vilkår i utsleppsløyve for Kongshaugen reinseanlegg og som grunnlag for prioritering og gjennomføring av tiltak på ein viktig del av den tekniske infrastrukturen i Sula kommune. Det vedlagte forslaget til planprogram gjer greie for planprosessen sitt

omfang og fasar slik kravet er til planprogram etter pbl. §4-1 og 12-9.  
Kommunedirektøren tilrår at planprogrammet blir sendt på høyring og lagt ut til  
offentleg ettersyn med ei høyringsperiode på 6 veker frå vedtaksdato.

Tittel	Dok.ID
Forslag til planprogram kommunedelplan vatn og avløp	Acos.Møte.MellomlagFacade_Api.Models.DokumentVersjon